

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSVEDTAK nr. 787/2004

2007/EØS/9/30

av 21. april 2004

om endring av rådsvedtak 96/411/EF og vedtak nr. 276/1999/EF, nr. 1719/1999/EF, nr. 2850/2000/EF, nr. 507/2001/EF, nr. 2235/2002/EF, nr. 2367/2002/EF, nr. 253/2003/EF, nr. 1230/2003/EF og nr. 2256/2003/EF med sikte på tilpassing av referansesummane for å ta omsyn til utvidinga av Den europeiske unionen(*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 95, artikkel 153 nr. 2, artikkel 156 nr. 1, artikkel 157 nr. 3, artikkel 175 nr. 1 og artikkel 285,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen,

med tilvising til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet,

etter samråd med Regionutvalet,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten⁽¹⁾, og

ut frå desse synsmåtene:

For å ta omsyn til utvidinga av Den europeiske unionen bør referansesummane tilpassast i rådsvedtak 96/411/EF av 25. juni 1996 om forbedring av Fellesskapets landbruksstatistikk⁽²⁾ og i følgjande europaparlaments- og rådsvedtak:

- nr. 276/1999/EF av 25. januar 1999 om vedtaking av ein fleirårig fellesskapshandlingsplan for å fremje sikrere bruk av Internett ved å kjempe mot ulovleg og skadeleg innhald på verdsomfattande nett⁽³⁾,

- nr. 1719/1999/EF av 12. juli 1999 om eit sett retningslinjer, medrekna fastlegging av prosjekt av felles interesse, på området transeuropeiske nett for elektronisk datautveksling mellom forvaltning (IDA)⁽⁴⁾,

- nr. 2850/2000/EF av 20. desember 2000 om fastsettelse av en fellesskapsramme for samarbeid om utilsiktet eller tilsiktet havforurensning⁽⁵⁾,

- nr. 507/2001 av 12. mars 2001 om ei rekkje tiltak som gjeld det transeuropeiske nettet for innsamling, utarbeiding og spreing av statistikk over varehandelen innanfor Fellesskapet og mellom Fellesskapet og tredjestatar (Edicom)⁽⁶⁾,

- nr. 2235/2002/EF av 3. desember 2002 om vedtaking av eit fellesskapsprogram for å betre verkemåten til skatteordningane i den indre marknaden (Fiscalis-programmet 2003-2007)⁽⁷⁾,

- nr. 2367/2002/EF av 16. desember 2002 om Fellesskapets statistikkprogram 2003-2007⁽⁸⁾,

- nr. 253/2003/EF av 6. februar 2003 om vedtaking av eit handlingsprogram for tollspørsmål i Fellesskapet (Toll 2007)⁽⁹⁾,

- nr. 1230/2003/EF av 26. juni 2003 om vedtaking av eit fleirårig handlingsprogram på energiområdet: «Intelligent energi for Europa» (2003-2006)⁽¹⁰⁾,

- nr. 2256/2003/EF av 17. november 2003 om vedtaking av eit fleirårig program (2003-2005) for overvaking av handlingsplanen e-Europa 2005, spreing av god praksis og betring av nett- og informasjonstryggleiken (MODINIS)⁽¹¹⁾ —

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 138 av 30.4.2004, s. 12, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 90/2004 av 4. juni 2004 om endring av EØS-avtalens protokoll 30 om særlege bestemmelser om organiseringen av samarbeidet innen statistikk og EØS-avtalens protokoll 31 om samarbeid på særlege områder utenfor de fire friheter, se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 59 av 25.11.2004, s. 26.

⁽¹⁾ Europaparlamentsfråsegn av 9. mars 2004 (enno ikkje offentleggjort i TEU) og rådsavgjerd av 5. april 2004.

⁽²⁾ TEF L 162 av 1.7.1996, s. 14. Vedtaket sist endra ved europaparlaments- og rådsvedtak nr. 1919/2002/EF (TEF L 293 av 29.10.2002, s. 5).

⁽³⁾ TEF L 33 av 6.2.1999, s. 1. Vedtaket sist endra ved forordning (EF) nr. 1882/2003 (TEU L 284 av 31.10.2003, s. 1).

⁽⁴⁾ TEF L 203 av 3.8.1999, s. 1. Vedtaket sist endra ved vedtak nr. 2046/2002/EF (TEF L 316 av 20.11.2002, s. 4).

⁽⁵⁾ TEF L 332 av 28.12.2000, s. 1.

⁽⁶⁾ TEF L 76 av 16.3.2001, s. 1.

⁽⁷⁾ TEF L 341 av 17.12.2002, s. 1.

⁽⁸⁾ TEF L 358 av 31.12.2002, s. 1.

⁽⁹⁾ TEU L 36 av 12.2.2003, s. 1.

⁽¹⁰⁾ TEU L 176 av 15.7.2003, s. 29.

⁽¹¹⁾ TEU L 336 av 23.12.2003, s. 1.

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

I artikkel 6 nr. 4 i vedtak nr. 96/411/EF skal første leddet lyde:

«4. Den finansielle rammen for gjennomføring av programmet for tidsrommet 2003-2007 skal være 11,65 millioner euro. 8,65 millioner euro skal være for perioden 2003-2006.

For tidsrommet etter 1. januar 2007 skal det foreslåtte beløp anses som bekreftet dersom det for den aktuelle fasen er i samsvar med de finansielle overslag som gjelder for det tidsrom som begynner 1. januar 2007.»

Artikkel 2

I artikkel 1 nr. 3 i vedtak nr. 276/1999/EF skal første leddet lyde:

«3. Den finansielle ramma for gjennomføringa av denne handlingsplanen er 39,1 millionar euro for tidsrommet 1. januar 1999-31. desember 2004.»

Artikkel 3

I artikkel 12 i vedtak nr. 1719/1999/EF vert det gjort følgjande endringar:

1. Overskrifta «Finansiell referansesum» vert bytt ut med «Finansiering».

2. Nr. 1 skal lyde:

«1. Den finansielle referansesummen for gjennomføringa av fellesskapstiltaka i medhald av dette vedtaket for tidsrommet 2002-2004 skal vere 40,6 millionar euro.»

Artikkel 4

I artikkel 2 i vedtak nr. 2850/2000/EF skal bokstav c) lyde:

«c) Den finansielle rammen for gjennomføring av dette vedtak for tidsrommet 2000-2006 skal være 12,6 millioner euro.

De budsjettmidler som fordeles til tiltakene fastsatt i dette vedtak, skal føres opp under de årlige bevilgninger i Den europeiske unions alminnelige budsjett. De disponible årlige bevilgninger skal godkjennes av budsjettmyndigheten innenfor rammen av de finansielle overslag.»

Artikkel 5

I vedtak nr. 507/2001/EF vert det gjort følgjande endringar:

1. I artikkel 6 skal første leddet lyde:

«Den finansielle ramma for gjennomføringa av det fellesskapstiltaket som er nemnt i dette vedtaket, er 53,6 millionar euro for tidsrommet 2001-2005. I vedlegg II er det ført opp ei rettleiande fordeling av utgiftene mellom dei tiltakskategoriene som er nemnde i artikkel 2.»

2. Vedlegg II vert bytt ut med teksta i vedlegg I til dette vedtaket.»

Artikkel 6

I vedtak nr. 2235/2002/EF skal artikkel 10 lyde:

«Artikkel 10

Finansiering

Den finansielle ramma for gjennomføringa av programmet er 67,25 millionar euro for tidsrommet 1. januar 2003-31. desember 2007. 51,9 millionar euro skal dekkje tidsrommet fram til 31. desember 2006.

For tidsrommet etter 1. januar 2007 skal den framlagde summen reknast som stadfesta dersom han for den aktuelle fasen stemmer overeins med dei finansielle overslaga som gjeld for det tidsrommet som tek til 1. januar 2007.»

Dei årlege løyvingane skal godkjennast av budsjettstyresmakta innanfor ramma av dei finansielle overslaga.»

Artikkel 7

I artikkel 3 i vedtak nr. 2367/2002/EF skal første og andre leddet lyde:

«Den finansielle rammen for gjennomføringa av dette program for tidsrommet 2003-2007 fastsettes til 220,6 millioner euro. 170,83 millioner euro skal være for tidsrommet fram til 31. desember 2006.

For tidsrommet etter 1. januar 2007 skal det foreslåtte beløp anses som bekreftet dersom det for den aktuelle fasen er i samsvar med de finansielle overslag som gjelder for det tidsrom som begynner 1. januar 2007.»

Artikkel 8

I vedtak nr. 253/2003/EF skal artikkel 14 lyde:

«*Artikkel 14*

Finansiering

1. Den finansielle ramma for gjennomføringa av dette programmet er 165,55 millionar euro for tidsrommet 1. januar 2003-31. desember 2007. 128,79 millionar euro skal dekkje tidsrommet fram til 31. desember 2006.

2. For tidsrommet etter 1. januar 2007 skal den framlagde summen reknast som stadfesta dersom han for den aktuelle fasen stemmer overeins med dei finansielle overslaga som gjeld for det tidsrommet som tek til 1. januar 2007.

3. Dei årlege løyvingane skal godkjennast av budsjettstyresmakta innanfor ramma av dei finansielle overslaga.»

Artikkel 9

I vedtak nr. 1230/2003/EF vert det gjort følgjande endringar:

1. I artikkel 6 nr. 1 skal første leddet lyde:

«1. Den finansielle referansesummen for gjennomføringa av dette programmet er 250 millionar euro for tidsrommet 2003-2006.»

2. Vedlegget vert bytt ut med teksta i vedlegg II til dette vedtaket.

Artikkel 10

I artikkel 4 i vedtak nr. 2256/2003/EF vert første og andre leddet bytt ut med følgjande ledd:

«Programmet skal gjelde i tidsrommet 1. januar 2003–31. desember 2005. Den finansielle ramma for gjennomføringa av dette programmet er 22,44 millionar euro.»

Artikkel 11

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Strasbourg, 21. april 2004.

For Europaparlamentet

P. COX

President

For Rådet

D. ROCHE

Formann

VEDLEGG I

«VEDLEGG II

**RETTLEIANDE UTGIFTSFORDELING ETTER KATEGORI AV EDICOM-TILTAK FOR ÅRA 2001-2005,
I SAMSVAR MED ARTIKKEL 2**

Utgiftsfordeling 2001–2005	I alt
Eit informasjonsnett med betre kvalitet, som er mindre kostbart og snøggare tilgjengeleg, i samsvar med krava innanfor politikkområda i Fellesskapet	22 %
Eit føremålstenleg informasjonsnett som er tilpassa utviklinga av krava til brukarane innanfor ramma av Den økonomiske og monetære unionen og det internasjonale økonomiske miljøet	14 %
Eit informasjonsnett som er betre integrert i det allmenne statistikkmiljøet og tilpassa utviklinga på forvaltingsområdet	25 %
Eit nett som betrar statistikktenesta overfor forvaltningar, brukarar og opplysningsgjevarar	12 %
Eit nett som byggjer på verktøy for innsamling av opplysningar i lys av den nyaste teknologiske utviklinga, med sikte på å betre dei funksjonane som er tilgjengelege for opplysningsgjevarar	9 %
Eit integrert og samverkande nett	11 %
Teknisk og administrativ hjelp; støttetiltak	7 %
I alt (<i>i millionar euro</i>)	53,6»

VEDLEGG II

«VEDLEGG

RETTLEIANDE FORDELING AV DEN SUMMEN SOM VERT REKNA SOM NAUDSYNT⁽¹⁾

(i millionar euro)

Tiltaksområde	2003-2006
1. Betre energieffektivitet og fornuftig energibruk	88,9
2. Nye og fornybare energikjelder og produksjon av fleire ulike typar energi	101,9
3. Energimessige sider ved transportverksemd	41,6
4. Fremjing av fornybare energikjelder og energieffektivitet på internasjonalt plan, særleg i utviklingsland	17,6
I alt	250 ⁽²⁾

⁽¹⁾ Denne fordelinga er rettleiande. Fordelinga av budsjettet mellom tiltaksområde skal vere fleksibel, slik at endringar kan handterast på ein meir effektiv måte alt etter kva som trengst innanfor sektoren.

⁽²⁾ Budsjettet til eit forvaltingsorgan kan fastsetjast av budsjettstyresmakta som ein prosentdel av dei samla løyvingane til programmet.»